

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Veøy

Emne: Brynet

Bygdelag: Rødvendalen

Oppskr. av: Eiliv Sandnes

Gard: Skulehagen

(adresse): Rødven

G.nr. 58 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

B r y n e er det vanlege ord her for det som ein brukar til t.d. ljå og øks. Hein brukar ein til knivar og snekkar verkty. Heinen (ein) er av ein finare sort stein og mindre på storleik. Verbet for å kvesse eit eggjarn med bryne eller hein vert og ulik. Ein talar om å bryne ei øks eller ein sigd, men å kvete ein ljå, endå ein brukar bryne til begge deler. Ein kniv, som ein brukar hein til, segjer ein at ein heiner.

Dei bryner ein no brukar, er mest kunststein.

Bryna av naturstein har alltid vore innført til bygda.

Dei talar om Langøy-bryne - truleg frå Langøy i Bremsnes (M.& R. fylke).

Når ein undantek rakknivar, vert dei fleste reidskap og verkty først slipa på slipestein og so kvesst med bryne eller hein.

Å tynne ut ljåen med hammar istaden for å slipe han, kann ikkje nokon minnst no, men dei har høyrd snakk om at det var bruka. Når skikken med å slipe ljåar kom til bygda, kan ikkje tidfestas no.

Slipesteinar som låg stille og som ein slipa på ved å føre reidskapet att og fram, veit ein ikkje av her .

2

På utslåttar og større skrapslått-teigar tok ein med seg slipesteinen utover teigen etterkvart ein slo.

Kor gamal den skikken er, kan ein ikkje segje.

Tidlegare, då ljåen kom berre uthamra frå smeden, var det det første og store arbeidet "å slipe opp" ljåen d.v.s. å få egg i han .

No brukar ein berre eitt bryne vanleg til ljåen, men før, då det var berre ljåslått, kunne somme bruke to ymse bryne, når det skulde vere høvt. Bryne av tre som var på^klint tjøre og sand, har eldre folk høyrd snakke om, men dei var kjøpte. Elles har ikkje trebryner vore bruka her.

Her er vanleg å late ljåen site på orvet når ein slipar.

Når ein bryner (kvet) ljåen held ein ljåen frå seg og orvet (der ljåen er festa) inn i vinstre akslegropa. Ved stutturvet, som ikkje har vore vanleg bruka her på lang tid, sette dei seg vist ned og tok orvenden millom føtene og heldt elles ljåen som ved langprv.

Koppen som ein ber brynetⁱ kallar ein her brynstokk. Brynstokken kan vere av tre - dreia og noko kvesst (konisk) til kvar ende, eller den kan vere av jarn eller blekk og då flat på den sida som fell inntil kroppen, når ein ber den i beltet.

Horn til å bere brynet i har ikkje vore bruka, men slo ein av brynet, slik at det vart for kort å halde i, tok ein gjerne eit horn og sette den avslegne brynet i, slik at hornet vart handtak..

Brynstokken ber ein gjerne og helst i beltet eller og berre i broklinginga, og helst rett bak, somme på sida.

I brynstokken brukar ein å ha vatn til å fukte brynet, anten dette er av naturstein eller kunststein.

Skal ein heine t.d. ein rakkniv eller finare høveltenner, brukar ein olje til å fukte steinen med.

Mjølet som vert når ein slipar eller bryner kallar ein slipesteinsgor eller bryngor. (*útt. går, med lang vofal*)

Som medisín veit ein ikkje at bryngor har vore bruka.

Var brynesteinen for hard, skulde den verte betre ved å liggja i maurtue eller i omnen ei tid - gjerne frå onn til onn.

Forteljing om at brynet talar er det ikkje her. Heller ikkje er det kjendt at dei sa noko når dei spytta på brynet eller når dei brynte.

Dels etter eiga røynsle dels etter heimelsmann.

Heimelsmann: Ingebrigt Dalset f. 1872. Gardbrukar og bygningsmann h.v.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

345